

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Tom-Christer Nilsen opplyste at far hans er styreleiar i BKK, og stilte spørsmål om han var ugild. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Tom-Christer Nilsen var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd. Nilsen gjekk frå under røystinga.

Dan Femoen møtte for Tom-Christer Nilsen i saka.

Fylkesvaraordførar **Mona Hellesnes** leidde møtet.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Av omsyn til friluftsliv og rekreasjon, sårbart høg fjell, landskap, biologisk mangfald (deriblant hubro, som er sterkt trua), samla belastning og til dels høgt konfliktnivå rår Hordaland fylkeskommune frå overføringar frå Flatavatnet, Klenavatnet og Smørtjerna i Vaksdalsvassdraget til energiproduksjon i kraftverka i Samnangervassdraget.